



## MØTEBOK

### Styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: Fredag 2 desember 2016 kl 1300

Stad: Skinnarbu Hotell, Tinn

**Møtedeltakarar:** Vebjørn Håvardrud (ØNF), Torleif Fresvik (Røldal FS), Steinar Langesæter (Ullensv. FS), Knut Sygnestveit (Ulvik FS), Torgils Eide (HG), Marit Jortveit (Rauland FS), Eivind Tokheim (Odda FS), Sveinung Olsnes (sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

**Forfall:** Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS)

**Andre tilstades på møtet:** Oluf Fønnebø, Harald N. Andersen, Stig Yngve Røkenes, Jan Borgnes, Hans Jørgen Jarhen

#### Saker til styremøtet

Sak 12/16: Referat og meldingar

Sak 13/16: Nytt frå NFS

Sak 14/16: Organisering av villreinkort, forbetring og forenkling

Sak 15/16: Orientering om ferdsleprosjektet på Hardangervidda

Sak 16/16: Felles sakshandsaming i enkeltsaker

Sak 17/16: Heimeside, ombygging samling av alle fjellstyre.

Sak 18/16: Uttale ifbm konseptvalutredning Rv7/Rv52

Sak 19/16: Tilsetjing av ny medarbeidar

Sak 20/16: Retningslinjer for lokale forhandlingar i FH

Sak 21/16: Orientering frå dagleg leiar

Sak 22/16: Eventuelt

Sak 23/16: Personalsak (unnateke offentlegheit, jfr offl. §13)

Sak 24/16: Personalsak (unnateke offentlegheit, jfr offl. § 13)

Vebjørn Håvardrud/s/      Knut Sygnestveit/s/      Steinar Langesæter/s/

Marit Jortveit/s/      Torleif Fresvik/s/      Torgils Eide/s/      Eivind Tokheim/s/

Georg Gjøstein/s/

## Sak 12/16: Referat og meldingar

2016.03.11.1.1.NINA-2016_søknad om oppsett av viltkamera og utlegging av vaktelegg_Hardangervidda_RV7
2016.03.14.1.1.Mildir-Tillatelse til felling av inntil 15 villreinkalver på Hardangervidda våren 2016 for vitenskapelig undersøkelse
2016.04.14.1.1.Villreinutvalet-Ferdselundersøkelse HV oppfordring 14 04 2016
2016.09.16.1.1.Villreinutvalet-Anmodning om utvidelse av jakttiden for villrein - Hardangervidda 2016
2016.09.21.1.1.Villreinnemda-49.2016 Vedtaksbrev utvidet jakt

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Orientering ved dagleg leiar og sekretær

#### **Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

Samrøystes

## Sak 13/16: Nytt frå NFS

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Dagleg leiar i NFS, Jan Borgnes orienterar:

- Nytt frå NFS
- Lovutvalsarbeidet

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Orientering ved Jan Borgnes. Informasjon om Lovutvalsarbeidet mm.

#### **Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande. Sekretær sender framlagt presentasjon på epost til alle.

Samrøystes

## Sak 14/16: Organisering av villreinkort, forbetring og forenkling

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Saksutgreiing:**

Fleire av fjellstyra på HV har sett trongen for å effektivisere arbeidet med sal av reinsdyrkort. I dag er dette eit arbeid som tek veldig mykje tid for dei tilsette og dei tillitsvalde.

Det er ulike måtar å organisere dette arbeidet på frå fjellstyre til fjellstyre. Nokon har digitale søknader i dag, nokon har standardskjema, nokon har epostsøking og nokon har ei blanding desse.

Totalt sett er det gjennomgåande gamaldagse løysingar og tungvinne måtar å løyse dette på. Det har derfor kome eit ynskje om å gjere eit arbeid på dette området, slik at fleire fjellstyre kan få ei god løysing. Det vil vere ein fordel om fleire fjellstyre (helst alle) hadde same system for håndtering av søknader og tildeling av reinskort. Dette vil gje fleire fordelar: det blir lett for brukarane å forstå, prosessen blir lik for alle fjellstyre, det vil vere lett for tilsette å steppe inn å gjere ein jobb dersom nokon vert sjuke, kostnadseffektivt å utarbeide eitt system.

Det er i dag to digitale løysingar som kan vere aktuelle:

#### 1. Questback:

Dette er eit system dei fleste har vore borti og som er enkelt og rimeleg i bruk.

Fjellstyresambandet betalar i dag lisens for alle fjellstyra. Ved stor auke i bruken må ein kunne forvente at NFS må fakturere noko for bruk.

Fordelar:

- Billig
- Enkelt
- Kan «bygge» opp dei spørsmåla du vil ha med i ein søknad sjølv
- Kan enkelt eksporterast til excel og jobbast vidare med her.

Ulemper:

- Framleis mykje manuelt arbeid
- Krev at den som skal jobbe vidare med dette kan excel, eksportering og fletting
- Ikkje fakturaløysing
- Ikkje sms løysing
- Ikkje automatisk epostløysing

#### 2. Inatur

Inatur er kjent for dei fleste som Noregs største tilbydar av jakt og fiske på nett. Inatur er profesjonelt, godt kjent og effektivt som salskanal. Inatur har i dag ikkje eit fullgodt system for håndtering av villreinkort, men er godt på veg. Sakshandsamar har vore i kontakt med Inatur for å lufter kva for løysingar som kan vere aktuelle. Inatur er svært positive til å vere med på eit opplegg som har som mål å kunne tilby kort på Hardangervidda. Slik sakshandsamar opplever det er det små justeringar som skal til for å kunne kome i mål med ei slik ordning.

Fordelar:

- Godt innarbeid og profesjonell salskanal

- System som er kjent blant jegerar
- Enkelt i bruk for dei som skal administrere
- Integrert epostløyising
- Integrert sms løyising
- Faktureringsløyising
- Svært tidsbesparande for fjellstyret/tilsette

Ulemper:

- Pris (forhandlingsmogelegheiter pga stordriftsfordelar)
- Mister moglegheiten til enkelte lokale tilpassingar
- Begrensar kontakten mot den enkelte jeger.

Det er klare fordelar og ulemper med baa alternativ. Alternativ 1 er enkelt og billig og ligg klart til bruk, men fordrar fortsatt svært mykje manuelt arbeid på det enkelte fjellstyrekontoret. Det krev og ein del kompetanse hjå den som skal handsame data med bruk av excel og fletting til outlook evt andre system.

Alternativ 2 er sannsynlegvis noko dyrare, men likevel vil det kunne løne seg med tanke på sparing av tid. Eit anna moment er at det vil bli svært mykje enklare og billigare å føre rekneskap. Frå Inatur vil det kome eitt bilag som skal førast i rekneskapen. Dersom ein sel korta sjølv vil det bli like mange bilag som det er kort. Dette har ein pris hjå rekneskapsfører og må takast med i berekninga.

Ein veldig stor fordel med alt 2 er at ein har god hjelp frå Inatur i trekkingsprosess og elles dersom ein lurar på noko. Det vil og vere svært enkelt for alle tilsette å gå inn å hjelpe til i andre fjellstyre dersom det skulle vere trong for det. Det blir og eit veldig proft opplegg med god, og lik, service til alle våre jegerar.

Inatur er svært interessert i å få dette til å fungere og var positive til å finne ein grei pris på dette dersom mange fjellstyre vart med.

For å ha eit eventuelt opplegg klart til neste sesong må dette jobbast aktivt med framover vinteren. Dersom dei fjellstyra som ynskjer det kan ha sine førebelse vedtak på plass innan utgangen av året, kan dette jobbast vidare med. Administrasjonen kan ha eit opplegg klart slik at dette kan nyttast av dei fjellstyra som ynskjer det fom neste søknadsomgang.

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Orientering ved sekretær.

Styret har positive tilbakemeldingar på framlegget og ynskjer ei vidare utgreiing om kva Inatur kan tilby. Styret meiner alle fjellstyre må kome med tilbakemelding om kva som trengst i eit evt tilbod/løyising frå Inatur for at dei skal kunne nytte dette. Pris er eit avgjerande punkt.

#### **Vedtak:**

Sekretær får i oppgåve å jobbe vidare mot Inatur for å kome fram til ei løyising for sal av reinskort. Fjellstyra skal kome med tilbakemelding til sekretær om kva for krav dei set til ei

salsløysing på Inatur innan 15 januar. Det skal jobbast mot å ha ei løysing for sal klar til søknadsomgangen i 2017.

Samrøystes

## Sak 15/16: Orientering om ferdsleprosjektet på Hardangervidda

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Saksutgreiing:**

Ferdsleprosjektet er i gang og det har vore utplassert teljerar over store delar av HV i sommar. Desse er no samla inn. Data frå teljerane er enno ikkje handsama og klare, men vil vere klare til møtet. Det vil bli ein presentasjon av data slik dei føreligg pr no.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Sekretær legg fram resultat frå årets teljeprojekt.

### **Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

Samrøystes

## Sak 16/16: Felles sakshandsaming i enkeltsaker

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Saksutgreiing:**

Det vart i sak 11/16 vedteke at ein skulle freiste å få til felles sakshandsaming i saker som gjeld alle fjellstyra. Ein vil med dette kunne fristille sekretæranne for ein del dobbeltarbeid. Det har kome opp spørsmål omkring kven som skal bere kostnadene med dette. Det naturlege her vil vere å belaste dette arbeidet med FH timar. Timane vert då fordelte mellom alle fjellstyra til slutt. Det er dagleg leiar som tek opp til vurdering kva for saker som skal fellehandsamast og fordeler desse oppgåvene til dei tilsette.

### **Framlegg til vedtak:**

Kostnader knytt til felles sakshandsaming av saker vert fordelt etter areal. Det er dagleg leiar som har ansvaret for å fordele saker som skal ha felles sakshandsaming mellom dei tilsette.

**Referat:**

Orientering ved dagleg leiar.

**Vedtak:**

Kostnader knytt til felles sakshandsaming av saker vert fordelt etter areal. Det er dagleg leiar som har ansvaret for å fordele saker som skal ha felles sakshandsaming mellom dei tilsette.

Sak 17/16: Heimeside, ombygging, samling av alle fjellstyre.

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Då heimesida til FH (dåverande SfH) vart oppretta var tanken at ein skulle ha ei heimeside for alle fjellstyra på Hardangervidda. Dette for å få ein inngangsportal til alle fjellstyra i området. Det vart lagt opp til at alle fjellstyra kunne ha sine egne undersider der ein ein kunne redigere innhaldet lokalt. Dette har fungera i varierende grad. I dag er det Rauland, Ulvik og Røldal som aktivt brukar heimesida til løpande informasjon. Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal har sine egne sider.

Leverandøren av heimesida til FH er i mindre grad serviceinnstilt og det vert vanskelegare og vanskelegare å få support. I tillegg er den tekniske løysinga dårleg og gamaldags. Kostnaden med sida er alt for høg i høve til det ein får attende både teknisk og supportmessig. Sakshandsamar vil føreslå at ein ser seg om etter ein ny leverandør av desse tenestene. Det er fullt mogleg å få vesentleg betre service og kvalitet for tilsvarande kostnad som det ein har i dag.

Sidan det er naudsynt å bygge opp ei ny heimeside vil det vere føremålsteneleg om ein kunne få med alle fjellstyra i denne satsinga. Ved å ha ei felles heimeside for heile vidda vil ein framstå som svært enkel for brukarane og for dei som skal administrere dette. Ved ein felles plattform vil det vere lett for tilsette å kunne steppe inn som vikarar for kvarandre ved sjukdom ol. Slik det er i dag er det eit problem å få tilgang til heimesider dersom sjukdom oppstår. Det vil og vere lettare for tilsette å vere support for kvarandre i det daglege arbeidet. Kostnadene ved å ha ei felles side er gunstig i høve til å ha fleire sider frå fleire leverandørar.

Sakshandsamar vil understreke at det er fullt mogleg at kvart fjellstyre legg inn sine ting sjølve og har full kontroll med det som ligg ute. Fjellstyret kan då velje om dei ynskjer ei aktiv side eller ei meir informativ statisk side. Dette vil vere individuelt og kan vere opp til kvart fjellstyre. Poenget med felles side er at alle finn alt på eit domene, og at det vil vere lett å drifte.

**Framlegg til vedtak:**

Administrasjonen får fullmakt til å jobbe med endringar av heimesida og skifte leverandør. Det skal leggjast opp til at heimesida kan nyttast av alle fjellstyra på Hardangervidda. Årleg

kostnad skal ikkje overstige kr 10 000,-. Administrasjonen kan bruke inntil 5 000,- i tillegg for å opprette sida fyrste år.

**Referat:**

Orientering ved sekretær.

Det kjem fram brei støtte til forslaget blant styremedlemene.

**Vedtak:**

Administrasjonen får fullmakt til å jobbe med endringar av heimesida og skifte leverandør.

Det skal leggjast opp til at heimesida kan nyttast av alle fjellstyra på Hardangervidda. Årleg kostnad skal ikkje overstige kr 10 000,-. Administrasjonen kan bruke inntil 5 000,- i tillegg for å opprette sida fyrste år.

## Sak 18/16: Uttale ifbm konseptvalutredning Rv7/Rv52

**Saksdokument:**

Uttale frå Eidfjord fjellstyre (er sendt ut frå Eidfjord fjellstyre tidlegare)

**Saksutgreiing:**

Eidfjord Fjellstyre ber om at saka vert teken opp i FH.

Saka gjeld framlagt konseptvalutredning for Rv7/Rv52.

Eidfjord fjellstyre meiner det ikkje er teke nok omsyn til villreininteressene i denne saka og har laga ei uttale til SVV som eit tilsvaer til KVUen.

Eidfjord FS ynskjer at saka skal handsamast av alle fjellstyra og av styret i FH.

Sakshandsamar har vurdert saka til å vere noko på sida av det styret i FH skal handsame etter vedtektene. I samråd med styreleiar vert saka lagt fram for styret til handsaming. Ein ynskjer samtidig ein diskusjon om denne type saker er noko FH skal handsame for framtida. I samband med framtidias vegval aust/vest er ikkje dette noko sak for FH etter sakshandsamars meining. Dersom ein ser isolert på villreinspørsmålet er det ein anna sak, der fjellstyra kan meine noko om det villreinfaglege og forvaltninga av villreinstamma. På overordna nivå er dette likevel noko Villreinputvalet og Villreinnemda er sett til å meine noko om. Etter sakshandsamars vurdering er det det meir dei lokale villreininteressene som kjem til vurdering hjå fjellstyra.

Det er ynskjeleg med ein debatt om dette er ei type sak som FH styret skal meine noko om, no og i framtida.

Dersom styret kjem fram til at saka skal handsamast er det ynskjeleg at ein samlar seg om ei uttale til SVV.

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Orientering ved styreleiar.

Eivind Tokheim: meiner saka ikkje høyrer heime i FH. Odda fjellstyre kan ikkje støtte ei slik uttale.

Vebjørn Håvarðsrud: her bør ein ikkje meine noko om andre tilhøve enn villrein. Bør ikkje vere problematisk i så måte.

Knut Sygnestveit: meiner ein her berre snakkar om villrein, derfor ikkje kontroversielt.

Steinar Langesæter: bør leggast vekt på villreininteressene og ikkje veg. Burde kunne gjeve ei uttale basera på dette.

Vebjørn Håvarðsrud: ØNF har gjeve uttale lokalt, då basert på villreininteresser.

Steinar Langesæter: vanskeleg å gje ei uttale dersom det ikkje er samrøystes

Knut Sygnestveit: ikkje tvil om fordelane for reinen med lang tunell. Såleis ikkje interessekonflikt.

Marit Jortveit: denne saka går på om det skal vere ei felles meining. Rauland FS kan vanskeleg støtte ei uttale om utbygging av tunellar på RV7.

Vebjørn Håvarðsrud: konkluderar med at ein ikkje kan kome til einigheit om ei felles uttale i denne saka.

#### **Vedtak:**

Fjellstyra på Hardangervidda kan ikkje samle seg om ei uttale i denne saka.

Spørsmålet vert overlete til det enkelte fjellstyre.

Samrøystes

### Sak 19/16: Tilsetjing av ny medarbeidar

#### **Saksdokument:**

Ingen

#### **Saksutgreiing:**

Trine Hilstad har sagt opp 50% stilling i FH. Arbeidsoppgåvene siste tida var sekretariat for Ullensvang fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning, internkontrollarbeid for brannvern og deltaking i det samordna oppsynet under villreinjakta.

Dagleg leiar har i møte med leiarane i Ullensvang og Odda fjellstyrer drøfta saka og ein ser på moglegheitene for å skaffe økonomisk grunnlag for å få så stor stillingsheimel som råd, helst 100%.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det blir oppretta eit tilsetjingsutval der leiar i Odda fjellstyre, leiar i Ullensvang fjellstyre og dagleg leiar i FH deltek. Utvalet står for utlysing, intervju og innstilling av kandidatar. Styret i FH (alternativt Fjelloppsynsutvalet) gjer endeleg vedtak om kven som skal gjevast tilbod om stillinga.

#### **Referat:**

Orientering ved dagleg leiar.



**Vedtak:**

Det blir oppretta eit tilsetjingsutval der leiar i Odda fjellstyre, leiar i Ullensvang fjellstyre og dagleg leiar i FH deltek. Utvalet står for utlysing, intervju og innstilling av kandidatar. Styret i FH (alternativt Fjelloppsynsutvalet) gjer endeleg vedtak om kven som skal gjevast tilbod om stillinga.

**Sak 20/16: Retningslinjer for lokale forhandlingar i FH****Saksdokument:**

1. Utkast til retningslinjer for lokale forhandlingar mellom arbeidstakarar i Fjellstyra på Hardangervidda as og Fjellstyra på Hardangervidda as.
2. Utkast til retningslinjer for lokale forhandlingar mellom dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as og Fjellstyra på Hardangervidda as.

**Sakssutgreiing:**

«Tariffavtale mellom ansatte i Fjellstyrene organisert i Naturviterne og Norges Fjellstyresamband» er ei minstelønsavtale som gjev høve til lokale forhandlingar.

I brev frå tillitsvald av 29.01.16 blir det bede om at retningslinjer og prosessen for lokale forhandlingar blir klargjort.

Framlegg til retningslinjer for lokale forhandlingar er utarbeida med utgangspunkt i vedlegg 1. i tariffavtale mellom ansatte i Fjellstyrene organisert i Naturviterne og Norges Fjellstyresamband. Vedlegget er ein mal for korleis lokale forhandlingar kan føregå.

Arbeidstakarane har fått utkastet til gjennomsyn og er bede om å gje ei felles tilbakemelding. Dette er forventa at det kjem til å koma før styrehandsaminga.

Dagleg leiar som høyrer til på arbeidsgjevarsida, forhandlar om lokale tariffrettar separat.

**Framlegg til vedtak:****Referat:**

Orientering ved dagleg leiar

Det har ikkje kome merknader frå dei tilsette om endringar i framlagde forslag til retningslinjer.

**Vedtak:**

Styret vedtek framlagde forslag til retningslinjer for lokale forhandlingar.

Samrøystes

## Sak 21/16: Orientering frå dagleg leiar

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Sakssutgreiing:**

Dagleg leiar gjev ei orientering om drifta i 2016.

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Orientering ved dagleg leiar.

- Drifta i 2016 går etter planen for fjellstyra
- Det har vore utført mykje oppsyn i jakta. Mesteparten av dette er utført av fjelloppsynet 1100 av 1800 felttimar. Jakta har for ein stor del vore bra med lite anmeldelsar/rapportar.
- Informasjonsarbeidet på Tinnhylen har fått eit lyft med installasjon av internett på hytta. Får informert betre og jobba med andre ting parallelt.
- Det har vore arbeidskrevjande for tilsette i eit år med sjukemeldingar og utvida jakt, men det har løyst seg greitt.
- SNO arbeidet er noko meir oppdelt og vanskeleg å administrere både for FH og SNO sjølve. Lokal SNO kontakt har her vore særst lett å samarbeide med.
- Det er teke kontakt med Setesdal/Ryfylke for å få til eit samarbeid her. Det er laga forslag til avtale om samarbeid/tenestekjøp fom 2017.

#### **Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

Samrøystes

## Sak 22/16: Eventuelt

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Sakssutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. det skal velgjast representant med vara til ROU.
2. FM nettet går over i historia neste år. Det vil vere eit utfordring å få til radio på dei fleste av våre hytter. Dette gjeld både dekning og batterikapasitet. Det vil vere fornuftig å kjøpe inn noko utstyr og teste dette i fellesskap.

**Referat:****1:**

Forslag til val av ROU representantar:

Medlem: Erling Nesbø, Aurland Fjellstyre

Vara: Marit Jortveit, Rauland Fjellstyre

**2:**

Orientering ved sekretær. Forslag om at Fjelloppsynet kjøper inn radio og ekstern antenne for uttesting på dei ulike hyttene.

**Vedtak:****1:**

Desse vart valde til ROU representantar:

Medlem: Erling Nesbø, Aurland Fjellstyre

Vara: Marit Jortveit, Rauland Fjellstyre

**2:**

Fjelloppsynet kjøper inn og testar ut DAB løysing på hyttene ıla vintersesongen 2017.

Samrøystes

Sak 23/16: Personalsak (unnateke offentlegheit, jfr offl. §13)

Sak 24/16: Personalsak (unnateke offentlegheit, jfr offl. § 13)